

## MELDING FRÅ STYRET

### OM OMDANNING AV FJELBERG KRAFTLAG SA

#### 1 GRUNNGJEVING FOR OMDANNINGA

Styret i Fjelberg Kraftlag SA ("**Kraftlaget**") tilrår at årsmøtet i Kraftlaget vedtar omdanningsplanen av 8. november 2018, som er utarbeidd av styret. Ved omdanninga vil Kraftlaget endra selskapsform frå samvirkeforetak til aksjeselskap. Omdanninga vil ikkje innebera endringar for verksemda i Kraftlaget.

Bakgrunnen for omdanninga er at styret ønskjer å slå saman Kraftlaget med Haugaland Kraft AS. For å møta endringar i rammevilkåra for nettselskapa og sikra verdiane i Kraftlaget, meiner styret det er rett og naudsynt at Kraftlaget finn framtidsløysingar saman med andre kraftlag. Samanslåing med Haugaland Kraft AS vil gi større slagkraft og rom for meir effektiv drift og dermed lågare nettleige for Kraftlaget sine kundar. Før ei slik samanslåing må Kraftlaget omdannast til aksjeselskap. Samanslåinga av Kraftlaget og Haugaland Kraft AS kan då gjennomførast som ein skattefri transaksjon i samsvar med aksjelova sine reglar. Omdanninga er med andre ord ikkje eit mål i seg sjølv, men eit steg på vegen for ei samanslåing av Kraftlaget og Haugaland Kraft AS. Dette inneber at omdanninga ikkje vil bli gjennomført dersom det av forskjellige grunnar skulle bli klårt at den planlagde samanslåinga ikkje let seg gjennomføra.

#### 2 JURIDISK FRAMGANGSMÅTE

Omdanninga skal gjennomførast etter reglane i samvirkelova kapittel 11 ved at Kraftlaget sine eigner, rettar og plikter blir overdregne under eitt til eit aksjeselskap, Fjelberg Kraftlag AS ("**Selskapet**"), som blir stifta ved omdanninga, jf. samvirkelova § 145 andre ledd. Kraftlaget sine medlemmer vil bli aksjonærer i Selskapet. Kor mange aksjar kvart medlem vil få, baserer seg på samhandelen med Kraftlaget dei siste fem åra, dvs. i perioden 1. juli 2013 til 30. juni 2018, sjå nærare i punkt 3 nedanfor.

Sidan Kraftlaget sine medlemmer ikkje har full eigedomsrett til nettoformuen ved ei oppløying, jf. vedtektene § 13 andre ledd, krev vedtak om omdanning til aksjeselskap tilslutning frå 4/5 av dei avgjevne stemmene på årsmøtet, samt "*sakleg grunn*" og godkjenning frå Stiftelsestilsynet, jf. samvirkelova § 146 andre ledd.

Omdanninga skal etter planen gjennomførast med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2019. Selskapsrettsleg vil omdanninga tre i kraft ved at melding om iverksetjing av omdanninga blir registrert i Foretaksregisteret. Slik registrering forutset at Stiftelsestilsynet har godkjent omdanninga.

For nærare detaljar om framgangsmåten viser me til omdanningsplanen med vedlegg.

#### 3 FORDELING AV AKSJAR, SKATTEMESSIGE TILHØVE MM

Fordelinga av aksjar er fastsett i samsvar med reglane i samvirkelova § 147 tredje ledd, som igjen viser til reglane for utdeling til medlemmene ved oppløying. Reglane går ut på at fordelinga av aksjar i samband med ei omdanning må vera basert på medlemmene sin samhandel med samvirkeforetaket. Lova sitt utgangspunkt er at det er samhandelen dei siste fem åra som er

relevant. I omdanningsplanen har styret foreslått at perioden reknas fem år tilbake frå 30. juni 2018.

Alle personar og føretak som er medlemmer i Kraftlaget per 30. juni 2018, vil difor ha rett til aksjar i Selskapet. Med medlemmer meiner ein dei som har betalt inn andelsinnskotet på kr. 500 i samsvar med vedtektene § 5.1, og som har sin folkeregistrerte bustedsadresse eller forretningadresse registrert i Foretaksregisteret, innanfor Kraftlaget sitt forsyningsområde, jf. vedtektene § 4.2. Det er ikkje opna opp for overføring av medlemskap i samband med omdanninga, jf. vedtektene § 4.3.

Eksisterande kundar uten medlemskap som etter skriftleg tilbod frå styret har teikna medlemskap i Kraftlaget innan den fastsette fristen 18. oktober 2018, vert rekna som medlemmer i Kraftlaget per 30. juni 2018 og har rett til få samhandelen deira medrekna i den relevante perioden. Vidare vil dødsbuet til ein avlidne medlem ha rett til å få godskrive samhandelen til den avlidne medlemmen, så langt hansaminga av skiftet ikkje var avslutta per 30. juni 2018. Den forholdsmessige fordelinga av aksjar mellom medlemmene vil basera seg på samhandelen deira med Kraftlaget i perioden 1. juli 2013 til 30. juni 2018. Samhandelen er rekna ut frå kva den einskilde medlemmen har blitt fakturert, dvs. at det er den personen som står på fakturaen som vert godskriven samhandelen og som difor vert tildelt aksjar. Av praktiske omsyn er det ikkje mogleg å leggje vekt på kven som i røynda har betalt fakturaen eller hatt nytte av straumen. Fakturaen må vera betalt for å bli rekna med som samhandel. All samhandel med Kraftlaget i denne perioden vil vera relevant, dvs. at samhandel i form av nettleige, straumkjøp frå Kraftlaget, kjøp av Kraftlagets tenester for drift og vedlikehald av kommunale veglys og bruk av Kraftlagets beredskapsordning med montør vil gi utteljng i form av aksjar. Offentlege avgifter som medlemmene har betalt i samband med samhandelen er ikkje tatt med i utrekninga, unntatt meirverdiavgift, forbruksavgifter og nettpåslaget til energifondet og Enova SF. I dei tilfella der abonnementet tidligare har stått på fleire personar, vert den felles samhandelen deira rekna med i utrekninga av samhandelen for vedkomande som står oppført som abonnent hos Kraftlaget den 30. juni 2018.

Ved omdanninga vil det bli skriva ut totalt 115 millionar aksjar. For kvar krone samhandel, vil medlemmene få tildelt ein aksje.

Omdanninga skal etter planen gjennomførast etter reglane om skattefri omdanning av samvirkeforetak til aksjeselskap i skattelova § 11-12. Omdanninga utløyser dermed ikkje skatt, verken for Kraftlaget eller for medlemmene.

#### **4 VERKNADEN AV OMDANNINGA FOR DEI TILSETTE I KRAFTLAGET**

Alle tilsette i Kraftlaget vert overførte til Selskapet ved omdanninga, med uendra lønnsvilkår og rettar.

Omdanninga vil så langt me kan vurdera, ikkje få vesentleg betydning for dei tilsette i Kraftlaget.

KH

HSA

LHB

KKA

SoH

Sæbøvik, 8. november 2018

Styre i Fjelberg Kraftlag SA

  
Sverre Olav Handeland

  
Knut Eriksen Hveem

  
Harald Sætre Arnevik

  
Liv Iren Hillestad Brekke

  
Hildegunn Eiane Aarhun